



Grunnskulelærarutdanning for 1. - 7. trinn



Vil du ha ein variert, utfordrande og morosam jobb som bidreg til at barn lærer og meistrar? Som grunnskulelærer for 1.-7. klasse vel du eit viktig og meningsfullt yrke. Du vert ein av dei som syter for at borna lærer seg å lese, skrive og rekne, og motiverer dei til fagleg og personleg utvikling i takt med deira egne føresetnader. Høgskulen i Volda er kjent for sitt gode studiemiljø med tett kontakt mellom studentar og lærarar. Studiemodell Mastertrappa

Studieinnhald

Som masterstudent på Grunnskulelærarutdanninga i Volda har du unike moglegheiter til å velje både breidde og fordjupning i undervisningsfag! Vi tilbyr masterfordjuping i faga norsk, matematikk og spesialpedagogikk. På MAGLU 1-7 er norsk og matematikk obligatoriske fag i tillegg til pedagogikk og elevkunnskap. Andre fag som kan veljast er engelsk, kunst og handverk, KRLE, kroppsøving, naturfag og spesialpedagogikk, samt digital kompetanse og didaktisk medieproduksjon (30 stp.) Obligatorisk praksisopplæring i grunnskulen inngår også i studiet. Du får variert og rettleia praksisopplæring gjennom heile studieløpet ved våre samarbeidsskular i regionen.

Internasjonalisering

Høgskulen i Volda har mange samarbeidspartnarar i utlandet og vi tilbyr utveksling til internasjonale lærarutdanningsinstitusjonar i løpet av studiet. I tillegg blir det arrangert studieturar til utlandet i regi av dei ulike

Undervisningsmåtar og vurderingsordningar

Studiestad er Volda, og all undervisning skjer her. I praksisperiodane vil studentane bli fordelt på ulike praksisskular i nærområdet. Arbeidsmengda skal vere om lag 1.600 arbeidstimar per 60 studiepoeng per år, fordelt over 40 veker. Studentane skal få erfaring med yrkesrelevante arbeids- og vurderingsformer. Det vil vere stor variasjon i arbeidsformene. Aktuelle arbeidsformer vil t.d. vere: forelesing arbeid i grupper praksis arbeid med ulike arbeidskrav oppgåveskriving rettleiing individuelt og i grupper seminar med fokus på gjennomgåande tema i studiet litteraturstudium studieturar feltarbeid/datainnsamling Arbeidsformene er gjort meir detaljert greie for i emneplanane i dei ulike faga. Høgskulen legg vekt på å legge opp til studentaktive læringsformer. I tillegg til å delta aktiv i dei ulike læringsaktivitetane, er det forventa at studenten tek ansvar for å før- og etterarbeid av studieaktivitetane. Det er forventa at studenten legg inn vesentleg tid

Studiepoeng / lengd: 300 / 10 terminer (5 år)

Opptakskrav: Generell studiekompetanse og minst karakteren 4 (gjennomsnitt) i matematikk og minst karakteren 3 (gjennomsnitt) i norsk, og minst 35 skulepoeng. Du dekker også karakterkravet i matematikk dersom du har bestått eitt av følgjande programfag: S1, S2, R1 eller R2. Universitetet i Sørøst-Norge tilbyr våren 2020 kurs for dei som ikkje fyller opptakskravet i matematikk. Les meir om påmelding og kurset her: <https://www.usn.no/studier/finn-studier/larer-og-lektorutdanning/matematikkurs-for-kommende-larere/>

Søknadsfrist: 15. april i Samordna opptak